Bustader der du vil leva og bu

# Bustadsosial handlingsplan



## for

## Samnanger kommune
## 2008 – 2011

(vedteken av Samnanger kommunestyre 21.02.2008)







| Kap. | Innhald | Sidetal |
|---|---|---|
| **1** | **Innleiing** | **3** |
| **2** | **Forankring av planen** | **4** |
| 2.1 | Nasjonal forankring | 4 |
| 2.2 | Lokal forankring | 4 |
| 2.3 | Vedtak i utvalet for oppvekst og omsorg | 5 |
| 2.4 | Husbanken si rolle i arbeidet med planen | 6 |
| **3** | **Avgrensing av planen / definisjonar** | **7** |
| 3.1 | Omgrepet bustadsosialt arbeid | **7** |
| 3.2 | Omgrepet bustadlaus | **7** |
| 3.3 | Omgrepet førebygging | **7** |
| **4** | **Ansvarsfordeling bustadpolitikken i Noreg** | **9** |
| **5** | **Om Samnanger kommune** | **10** |
| 5.1 | Geografi – infrastruktur | 10 |
| 5.2 | Barnehagar / skular | 10 |
| 5.3 | Næring / arbeid | 10 |
| 5.4 | Kultur | 10 |
| 5.5 | Alderssamansetnad | 11 |
| 5.6 | Framskriving av folketal | 11 |
| 5.7 | Kommuneplan for Samnanger 2007 –2017 | 11 |
| **6** | **Busetnaden i kommunen** | **12** |
| 6.1 | Generelt | 12 |
| 6.2 | Kommunale bustadar / eigedomar | 12 |
| 7 | **Vanskelegstilte på bustadmarknaden i Samnanger kommune** | **14** |
| 7.1 | Kartlegging | 14 |
| 7.2 | Kartleggingsresultat | 15 |
| 7.3 | Kommentarar til kartleggingsresultat | 15 |
| 7.3.1 | Avgjerande funn i kartlegginga | 16 |
| **8** | **Statlege verkemiddel i bustadsosialt arbeid i Samnanger kommune** | **17** |
| 8.1 | Bustadtilskot til etablering. | 17 |
| 8.2 | Utbetringstilskot | 17 |
| 8.3 | Bustønad | 18 |
| 8.4 | Startlån | 19 |
| **9** | **Bustadsosiale utfordringar i Samnanger kommune** | **20** |
| **10** | **Mål og strategiar** | **21** |
| 10.1 | Hovudmål | 21 |
| 10.2. | Ni delmål | 21 |
| 10.2.1 | Omtale av dei 9 ulike delmåla, strategiar og tiltak | 22 |
| 10.4 | Skjematisk oversikt over mål, delmål, strategiar og tiltak | 25 |
| **11** | **Kostnader med gjennomføring av planen.** | 29 |

## 1. Innleiing

Når no Samnanger kommune legg fram ei bustadsosial handlingsplan, er dette eit resultat av arbeidet med Kommuneplan som vart vedteken i juni 2007.

Ein ser i større grad trongen for å leggja planar med klare mål, strategiar og tiltak. Planen er meint å vera eit styringsreiskap for politikarar og administrasjon. Det er avgjerande for planarbeidet at prioriteringar får si handsaming både politisk og administrativt. Ei god forankring av planen er difor særs viktig

Bustadpolitisk handlingsplan er forankra i kommuneplanen og i ei tverrfagleg arbeidsgruppe som har styrt prosessen saman med prosjektleiar og leiar for sosial- og helseeininga.

Det er å håpa at planen kan gje inspirasjon til det vidare arbeidet i kommunen og at ein klarar å følgja opp dei ulike mål, strategiar og tiltak som ligg i planen. Dersom planen i tillegg resulterer i idémyldring ut over dei føringane som planen legg, vil det sjølvsagt vera særs positivt.

I Samnanger kommune treng me ein ny giv på dette arbeidsområdet, og det er å håpa at planen er med på å gje oss dette.

Ein stor takk til sosionomstudentane frå Høgskulen i Bergen, Ingrid Holter-Andersen og Sverre Bjerga, som gjorde ein kjempeinnsats med kartlegginga av vanskelegstilte på bustadmarknaden i Samnanger kommune våren 2007.

Thore Austnes
Leiar for sosial- og helseeininga

Magda Haugen
Prosjektleiar for bustadsosial handlingsplan

## 2.Forankring av planen / organisering av planarbeidet.

### 2.1

- **Nasjonal forankring**

  - **Lovverket.**

I lov om sosiale tenester § 3-4 heiter det: *”Sosialtjenesten skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker. ”*

Og i § 4-5 heiter det *”Midlertidig husvære. Sosialtjenesten er forpliktet til å finne midlertidig husvære for dem som ikke klarer det selv.”*

Kommunen ved sosialtenesta er altså forplikta til å hjelpa vanskelegstilte personar med å skaffa husvære både permanent og i kriser.

  - **Stortingsmelding**

I Stortingsmelding nr. 23 (2003-2004 ”Om boligpolitikken”) er visjonen følgjande:

***”Alle skal kunne bo i egen bolig i et godt bomiljø.”***

Denne visjonen skal oppnåast ved å tilretteleggja for ein velfungerande bustadmarknad, skaffa bustader til vanskelegstilte og auka talet på miljøvenlege universelt utforma bustader.

### 2.2

- **Lokal forankring**

**Kommuneplanen**

Samnanger kommune har vedteke visjon og målsettingar i kommuneplan for perioden 2007-2017.

Visjonen for kommuneplanen er:



***Samnanger kommune –***
***der du vil leva og bu.***

Planen har seks hovudsatsingsområde:

- Bustadutbygging / -utvikling
- Arbeid / næring
- Kommuneorganisasjon
- Levekår
- Infrastruktur
- Marknadsføring

**Hovudmålet** innan bustadutbygging / -utvikling er følgjande:



***I Samnanger kommune skal det finnast eit attraktivt og differensiert bustadtilbod.***

I **delmåla** heiter det mellom anna:



***Bustadområde må gje plass for menneske i ulike livsfasar med ulike behov.***

I tiltaksdelen under satsingsområdet vert det lagt opp til å **utarbeida ein bustadsosial handlingsplan.**

## 2.3
## Vedtak i Utvalet for oppvekst og omsorg:

Med forankring i Kommuneplanen vart det 30.01.07 gjort følgjande vedtak i Utvalet for oppvekst og omsorg:

*”Det vert starta opp arbeid med å utarbeida bustadsosial handlingsplan for Samnanger kommune 2008-2011*

- *Utvalet for oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for planen.*
- *Det vert oppnemnd ei administrativ arbeidsgruppe der følgjande fagpersonar er med*
  - *Leiar for Sosial- og helseeininga Thore Austnes – leiar for gruppa*
  - *Leiar for Eining for pleie- og omsorg Grete Lill Hjartnes.*
  - *Psykiatrisk sjukepleiar Ingrid T. Reknes.*
  - *Koordinator for funksjonshemma Hilde Seger.*
  - *Kommunal fysioterapeut Åse W. Tveit.*
  - *Sosial- og barnevernskonsulent Tom Arild Rysjedal.*
  - *Konsulent i administrasjonssjefen sin stab Magda Haugen - sekretær for gruppa.*
- ***Mandatet** for arbeidsgruppa vert: Utarbeiding av bustadsosial handlingsplan for Samnanger kommune. Planen skal innehalda ein kartlegging av situasjonen i Samnanger kommune når det gjeld omfanget av bustadsosiale problem. Vidare skal planen innehalda hovudmål, delmål og tiltak i arbeidet. Planen skal vera ferdig til første handsaming i Utvalet for oppvekst og omsorg 14.06.07. Planen skal få si endelege handsaming av Kommunestyret.*
- *Administrasjonen skal orientera Utvalet for oppvekst og omsorg undervegs i arbeidet.*
- *Administrasjonen søkjer Husbanken om tilskot til planarbeidet.”*

## 2.4
## Husbanken si rolle i arbeidet med planen.

Husbanken har gjeve eit såkalla kompetansetilskot på kr. 50.000,- til Samnanger kommune slik at det kan setjast av stillingsmidlar til gjennomføring av planarbeidet. I tillegg har ein nytta Husbanken sitt kartleggingsverkty for å gjennomføra kartlegginga av bustadproblematikken. Husbanken har også gjeve tilsette i kommunen innføring i bruk av dette verktyet.



## 3. Avgrensing av planen / definisjonar.

I Bustadsosialt arbeid i Samnanger ynskjer me å setja fokus på dei vanskelegstilte gruppene og i plandokumentet vil me leggja følgjande definisjonar til grunn for arbeidet.

### 3.1
**Omgrepet bustadsosialt arbeid**

I den planen er omgrepet bustadsosialt arbeid definert på følgjande måte:

| |
|---|
| *Innsats retta mot grupper / personar som har trong for støtte / hjelp til å skaffa seg bustad eller halda på den bustaden dei har.* |

Arbeidet omfattar i første rekkje det arbeidet som kommunen gjer på dette området. For å lukkast i dette arbeidet, må ein også nytta statlege verkemiddel og det må involvera private aktørar.

Planen omfattar det bustadsosiale arbeidet ovanfor følgjande grupper / personar:

- Bustadlause / bustadsøkjande, dei som av ulike grunnar har problem med å koma seg inn på den ordinære bustadmarknaden.
- Flyktningar.
- Vanskelegstilte ungdommar. (Evt. ungdomar som bør og vil ut av foreldreheimen).
- Personar med rus og eller psykiatrisk diagnose.
- Personar med økonomiske problem / gjeldsproblematikk.
- Personar med nedsett funksjonsevne.

Nokre personar kan ha samansette problem og koma inn under to eller fleire av gruppene som er nemnde ovanfor.

Når det gjeld personar med nedsett funksjonsevne, vert desse særskilt omhandla i kommunen sin plan for denne gruppa personar: ”Plan for det heilskaplege tilbodet til personar med nedsett funksjonsevne.

### 3.2
**Omgrepet bustadlaus.**

I NIBR-rapport 2007:8 vert ordet *”bostedsløs”* definert på følgjande måte:

*”Personer som ikke disponerer egen eller leid bolig, men er henvist til tilfeldig eller midlertidige boalternativer, samt personer som ikke har noe ordnet oppholdssted for kommende natt.”*

### 3.3
**Omgrepet førebygging.**

I same rapport vert omgrepet førebygging (med tanke på bustadsosialt arbeid) definert på følgjande måte:

*"…de tiltak og strategier kommunene setter i verk for å aktivt motarbeide at noen kommer i de situasjonene som fanges opp av bostedsløshetsdefinisjonen."*



## 4. Ansvarsfordeling.

Kommunal- og regionaldepartementet har lagt følgjande liste til grunn når det gjeld ansvarsfordelinga i det bustadsosiale arbeidet:

| **Staten:** | **Kommunane:** | **Private aktørar / bustadsamvirke:** |
|---|---|---|
| o Set opp dei sentrale måla og trekkjer opp hovudretningslinene i bustadpolitikken.<br>o Vedtek lover og retningsliner.<br>o Tilbyr gunstige finansierings- og tilskotsordningar gjennom Husbanken.<br>o Stimulerer til forsking og informasjon. | o Legg til rette for lokale løysingar gjennom tilrettelegging av tomter og arealplanlegging.<br>o Legg til rette for bygging av nye bustader og utvikling, samt fornying av bustader og bustadområde.<br>o Har i følgje Lov om sosiale tjenester ansvar for å medvirka til å skaffa bustader til personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden. | o Står for prosjektering og oppføring av nye bustader.<br>o Forvaltar, vedlikeheld og utbetrar store delar av bustadmassen.<br>o Samarbeider med kommunane for å nå målsettinga om bygging av for eksempel omsorgsbustader og utleigebustader til ungdom. |



# 5.Om Samnanger kommune

## 5.1 Geografi - infrastruktur




Samnanger kommune ligg i Hordaland fylke, nærare bestemt i Midt-Hordaland. Nabokommunane er Bergen i vest, Vaksdal i nord, Kvam i aust og Fusa og Os i sør. Med eit innbyggjartal på 2400 (tal for 3.kvartal 2007) og eit areal på 265,5 kvadratkilometer er Samnanger ein relativt liten kommune i landsmålestokk.

Kommunesenteret er Tysse der ein finn kommuneadministrasjonen, daglegvarebutikk, byggevarehandel, ungdomsskule og den største verksemda i kommunen; Safa. På Bjørkheim finn ein daglegvarebutikk, bank, fabrikkutsal, lensmannskontor, kafé, motell og bensinstasjon.




## 5.2 Barnehagar / skular

I Samnanger kommune finn ein 2 kommunale og ein privat barnehage, og ein har tilnærma full barnehagedekning. Kommunen har to barneskular (1-7 kl) og ein ungdomsskule. Det finst ingen vidaregåande skule. Elevane må difor reisa til nabokommunane for å ta vidaregåande utdanning.

## 5.3 Næring / arbeid i Samnanger kommune.

Dei største arbeidsplassane i kommunen er Safa A/S som produserer strømper og Faginnredning A/S som produserer kjøkeninnredningar og liknande. I tillegg finn ein småkalaprodusentar av ymse slag samt servicebedrifter. Samnanger kommune er den største arbeidsgjevaren i kommunen med ca 220 tilsette.

Dei fleste i yrkesaktiv alder reiser ut or kommunen for å finna arbeid. Heile 58,7 % av yrkesaktive samningar reiser til Bergen, Fusa, Kvam eller andre kommunar for å arbeida.

Den relativt korte avstanden til arbeidsmarknader i andre kommunar gjer at dette er mogeleg.

## 5.4 Kultur.

Kommunen har eit mangfald av friviljuge lag og organisasjonar i tillegg til at mange born og unge er engasjert i kulturskulen. Det ligg godt til rette for å driva aktivitetar både på sommars- og vinterstid. Mellom anna finn ein Eikedalen skisenter i Samnanger. Dette er eitt av Vestlandet sine største alpinanlegg.

### 5.5 Alderssamansetnad

Tabellen nedanfor viser  alderssamansetnad i kommunen i 2006.

*Figur nr. 1.*




### 5.6 Framskriving av folketalet

Tabellen nedanfor viser korleis SSB reknar utvikling i folketalet fram mot 2025:

*Figur nr.2*




### 5.7 Kommuneplanen for Samnanger kommune 2007 – 2017.

Som nemnd tidlegare i plandokumentet har ein nyleg avslutta arbeidet med kommuneplanen. Visjonen for planen: **Samnanger – der du vil leva og bu** vert sentralt i all tankegang som har med planlegging å gjera. Me ynskjer i større grad å setja fokus på kvalitetane både i dei kommunale tenestene og i det friviljuge arbeidet. Samnanger skal verkeleg verta ein stad der

me ynskjer at folk skal bu og trivast gjennom heile livet. Å utvikla gode bumiljø samt å sikra alle ein stad å bu er viktige element for å leva opp til visjonen.

# 6. Busetnaden i kommunen

## 6.1 Generelt

Dei fleste Samningar er busette i einebustader. Nokre fleirbustadhus finst også. Spesielt dei siste 5 åra har det vorte meir vanleg at ein buset seg i mindre husvære som er lokalisert i ein stor bygning.

Dei fleste bur i husvære som dei eig sjølve. Nokre leiger husvære på den private marknaden, medan andre leiger hjå kommunen eller hjå firma som eig mange husvære.

Ein finn konsentrert busetnad på strekninga Tysse – Ådland. Elles finn ein spreidd busetnad rundt om i heile kommunen.

Det har dei seinare åra vore stor aktivitet på bustadmarknaden: fleire bustadfelt er bygde ut og fleire bustadprosjekt er under planlegging.

## 6.2 Kommunale bustadar / eigedomar

**1. Bustader nytta i bustadsosialt arbeid**

*Tab.nr.1*

| Namn på eigedom | Tal bueiningar | Vert nytta av |
|---|---|---|
| Skjervo – Haga ”Trygdebustader” | 6 | Eldre |
| Hamnahaugen , Steinsland | 4 | Eldre |
| Hamnahaugen , Steinsland | 2 | Personar med psykiatriske diagnosar |
| Hamnahaugen , Steinsland | 2 | Vanskelegstilt ungdom |
| Skottabakken, Reistad | 3 (4) | Personar med nedsett funksjonsevne |
| Bufellesskap Haga (Samnangerheimen) | 2 | Personar med nedsett funksjonsevne |
| Hagamulen (Einebustad med to husvære) | 2 | Vanskelegstilte personar. |
| **Eigedomar som Finn Mohn eig, men kommunen tildeler** | | |
| Tysse (over Sparbutikken) | 4 | Eldre |

| | | |
|---|---|---|
| Samla tal bueiningar | 25 (26) | |

I tillegg har Kommunen (Sosialtenesta) kontakt med fleire private som leiger ut husvære. Kommunen har ingen disposisjonsrett til desse bustadane, men står som formidlar mellom dei som ynskjer å leiga og dei som leiger ut. Eit røft overslag tilseier 5-10 slike leigetilhøve.

**2. Bustader som kommunen eig men som er nytta til tilsette / andre føremål.**

*Tab.nr.2*

| **Namn på eigedom** | **Tal bueiningar** | **Vert nytta av** |
|---|---|---|
| Tenestebustad Lønnebakken | 1 | Lege tilsett i kommunen |
| Skottabakken | 2 | Den eine bustaden vert nytta til legevaktbustad. Bruken av den andre bustaden er under vurdering. |
| Prestebustad Haga | 1 | Soknepresten |
| Samla tal bueiningar | 4 | |

# 7. Vanskelegstilte på bustadmarknaden

I dette avsnittet vil ein leggja fram kartleggingsmetode og kommentarar til kartleggingsresultata.

## 7.1 Kartlegging

Husbanken har utvikla ein kartleggingsmetode som kommunane må nytta når det vert utarbeidd ein bustadsosial handlingsplan. Det er kommunen sjølv som bestemmer kven som skal kartleggjast. Kartlegginga vert gjort fordi ein treng kunnskap om bustadbehovet blant brukarar av kommunen sine tenester. Brukarane som skulle kartleggjast vart valt ut etter nærare bestemte kriterium som Husbanken har fastsett. I Samnanger vart 28 personar kartlagde etter følgjande kriterium:

- Personar som er utan eigd / leigd bustad. I praksis vil dette seia personar som bur midlertidig på ueigna stader så som hospits, hybelhus o.l eller hjå foreldre / vener. Også dei som ikkje vil ha bustad etter institusjonsopphald eller fengsel kjem inn i denne kategorien.
- Personar som har husvære der det er fare for at leigekontrakt vil opphøyra.
- Personar som har ueigna husvære. Det kan vera eitt eller fleire av følgjande tilhøve:
  - Manglar bad / WC.
  - Dårleg standard.
  - Ekstremt miljøbelasta.
  - Manglande tilkomst til husvære.
  - Ikkje tilpassa funksjonsnedsetting (eks. rullestol).
  - Buutgiftene er urimeleg høge i høve til marknaden.
- Personar som har store bistands- og oppfølgingsbehov der husvære som no vert disponert ikkje lenger er eigna.

Dei personane som vart kartlagde høyrde inn under ei eller fleire av følgjande målgrupper.

- Økonomisk vanskelegstilt
- Flyktning – 1. eller 2. gongs etablering
- Røyrslehemma / fysisk funksjonshemming
- Psykisk utviklingshemma
- Psykisk liding
- Rusmiddelmisbrukar
- Sosialt vanskelegstilt
- Andre funksjonshemmingar

Kartlegginga vart gjort for perioden 14.01.07 – 13.06.07 og omfattar altså personar / familiar som i denne perioden hadde eit bustadproblem. Kartleggingsmetoden gjev difor berre eit augneblinksbilete av bustadproblematikken i kommunen. For å få eit meir heilskapeleg bilete av situasjonen kan det difor vera føremålsteneleg å gjennomføra ei slik kartlegging med jamne mellomrom, for eksempel annakvart år.

**7.2 Kartleggingsresultat.**

Det vert uråd å offentleggjera alle resultata frå kartlegginga i denne planen. Dette fordi dei i mange tilfelle vil vera for "gjennomsiktige". Når så få personar som 28 er med i kartlegginga, er det mange kategoriar / resultat som kjem ut med berre ein person. I mange tilfelle vil det ikkje vera rett å presentera slike resultat.

Ein har difor valt å ikkje offentleggjera dei ulike resultata, men heller gje kommentarar der ein gjer greie for dei mest framtredande resultata i kartlegginga. Kartlegginga vil vera eit internt dokument i det bustadsosiale arbeidet.

**7.3 Kommentarar til kartleggingsresultata.**
Dei ulike kartleggingstabellane fortel oss noko om kven dei vanskelegstilte på bustadmarknaden er, korleis dei bur og kva problem deira er.

***Kartleggingstabell nr. 1.: Antal husstandar etter alder og type husstand.***
Mellom dei 28 husstandane / personane som er kartlagde finn ein  ei stor overvekt av einslege menn. Også einslege kvinner er ei stor gruppe. 17 av 28 er i aldersgruppa mellom 20 og 34 år.

***Kartleggingstabell nr.2: Antal husstandar etter kombinasjon av målgruppekjenneteikn.***
Denne tabellen er "gjennomsiktig", men viser hovudtrekk som at dei som er belasta med psykiatrisk diagnose også har rusproblem.

***Kartleggingstabell nr.3: Antal husstandar etter alder og målgruppekjenneteikn.***
Heile 17 av 28 personar er i alderen 20-34 år. Det er ei overvekt av økonomisk vanskelegstilte i denne kartlegginga; 9 av 28.

***Kartleggingstabell nr.4: Antal husstandar etter målgruppe og noverande busituasjon.***
8 av 28 leiger bustad på lang sikt. 11 bur hjå foreldre / føresette.

***Kartleggingstabell nr.5: Antal husstandar etter målgruppe og inntekt***
9 av 28 har berre sosialhjelp som inntekt. 12 av 28 har inntekt under grensa for bustønad. I denne kartlegginga er dei dominerande gruppene økonomisk vanskelegstilte og psykiatriske langtidspasientar.

***Kartleggingstabell nr.6: Antal husstandar etter bustadsituasjon og inntekt.***
Her dominerer gruppa som bur heime hjå foreldre / føresette og har ei inntekt under grensa for bustønad eller berre sosialhjelp.

***Kartleggingstabell nr.7:Husstandar med ueigna bustad etter målgruppe og bustadproblem.***
Her har ein nok hatt for lite kunnskap om dei ulike bustadene, for mykje er ikkje oppgitt av det som har med sjølve bustaden å gjera. Det finst ingen tydelege resultat i denne tabellen.

***Kartleggingstabell nr.8: Husstandar med ueigna bustad etter bustadsituasjon og bustadproblem.***
Her har ein nok også hatt for lite kunnskap om dei ulike bustadene, for mykje er ikkje oppgitt av det som har med sjølve bustaden å gjera. 6 av bustadene som er i kategorien er oppgjevne til å vera ekstremt miljøbelasta.

***Kartleggingstabell nr.9: Husstandar der trong for bistand og oppfølging spelar inn, etter målgruppe.***
Det kjem fram at 25 av dei kartlagde ikkje har trong for bistand / oppfølging. Dei tre andre vert vurdert til at dei har eit bistands- og / eller eit oppfølgingsbehov og har trong for å skifta bustad av den grunn. Her kan ein ikkje oppgje kva målgruppe desse tre kjem frå.

***Kartleggingstabell nr. 10: Husstandar der trong for bistand og oppfølging spelar inn etter bustadsituasjon.***
Denne tabellen vert for gjennomsiktig og kan ikkje kommenterast.

***Kartleggingstabell nr.11: Antal husstandar etter målgruppe og butid i kommunen.***
20 av 28 har budd i kommunen meir enn 5 år. I den gruppa som har budd i kommunen lengst, er det økonomisk vanskelegstilte og psykiatriske langtidspasientar som dominerer.

***Kartleggingstabell nr.12: Antal husstandar etter bustadsituasjon og butid i kommunen.***
10 av 20 som har budd i kommunen meir enn 5 år bur hos føresette.

***Kartleggingstabell nr.13: Antal husstandar etter målgruppe og anbefalt tiltak.***
Vert ikkje kommentert. Uklare resultat.

***Kartleggingstabell nr.14: Antal husstandar etter målgruppe og omfang og oppfølgingsbehov:***
Av dei som treng oppfølging / bistand i bistand er psykiatriske langtidspasientar den største gruppa som vil krevja mest ressursar. 5 av 8 vil ha trong for bistand / oppfølging fleire gongar pr. veke. For 13 personar er det ikkje aktuelt å motta noko form for hjelp / bistand / oppfølging i bustaden.

***Kartleggingstabell nr.15: Antal husstandar etter bustadsituasjon og omfang av oppfølgingsbehov.***
Av 28 kartlagde personar er det 11 personar som no bur i foreldreheimen som på sikt vil ha trong for hjelp / oppfølging / bistand i eigen bustad.

### 7.3.1 Avgjerande funn i kartlegginga / oppsummering.
Følgjande funn er av betydning for våre mål, delmål, strategiar og tiltak i denne planen.

- Mange vanskelegstilte på bustadmarknaden er mellom 20 og 34 år – altså i ein etablerarfase.
- Dei fleste av dei vanskelegstilte er einslege.
- Mange av dei vanskelegstilte slit med fleire typar problem som for eksempel psykiatri og rus.
- Mange av dei vanskelegstilte på bustadmarknaden er økonomisk vanskelegstilte. Ein stor del av dei har inntekt på sosialhjelpsnivå.
- Mange av dei vanskelegstilte bur hjå sine føresette (sjølv om dei for lengst er vaksne nok til å ha sin eigen heim.)
- Dei aller fleste av dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden har ikkje trong for bistand / hjelp / oppfølging i bustaden sin. Av dei som vil ha trong for bistand / hjelp /oppfølging er det hovudsakeleg snakk om personar med nedsett funksjonsevne og personar med psykiatriske diagnosar og eller rusproblematikk.
- Dei aller fleste av dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden har budd i kommunen meir enn 5 år.

## 8. Statlege verkemiddel i bustadsosialt arbeid.

Gjennom Husbanken har Statlege styresmakter drive bustadsosialt arbeid i Noreg i etterkrigstida. Kommunane administrerer fleire av ordningane

Nedanfor følgjer ein oversikt over dei ulike ordningane som Samnanger kommune administrerer samt ein kortfatta statistikk for desse ordningane:

**8.1 Bustadtilskot til etablering.**
Dette tilskotet kan gjevast til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det kan vera personar / familiar som av ulike årsaker ikkje kan klara å skaffa seg bustad utan økonomisk støtte frå det offentlege. Slikt tilskot vert ofte gjeve i kombinasjon med husbanklån og Startlån. I Samnanger kommune har ein hatt svært liten bruk av dette tilskotet. Grunnen til dette er "lista ligg svært høgt" for å få slikt tilskot.

**8.2 Utbetringstilskot**
Dersom personar med lav inntekt og gamal bustad treng å gjera utbetringar på bustaden sin, kan dei få tilskot til slikt arbeid. Det kan vera utbetringar som isolering, skifte av dørar og eller vindauge, utbetring av dei sanitære tilhøva o.s.v.

Følgjande **statistikk** viser kor stor søknad det er til desse to ordningane, kor mange som for avslag og kor mange som får slike tilskot. Fordi det er tildelt så få etableringstilskot, er dei i statistikken slått saman med utbetringstilskotet.

**Bruk av ordninga i Samnanger kommune for åra 2005, 2006, 2007:**
*Tab. nr. 3*

| **Årstal / Søknader** | **2005** | **2006** | **2007** |
|---|---|---|---|
| Innvilga | 7 | 4 | 5 |
| Avslag | 0 | 4 | 0 |
| **Sum søknader** | **7** | **8** | **5** |

**Gjennomsnittleg storleik på utbetringstilskota som er gjevne:**
*Tab. nr. 4*

| **2005** | **2006** | **2007** |
|---|---|---|
| 11.428,60 | 12.000,- | 12.500,- |

**8.3 Bustønad.**
Husstandar med lav inntekt og høge buutgifter kan få bustønad gjennom Husbanken. I tillegg til at det vert stilt krav om relativt lav inntekt, vert det også kravd at bustaden må fylla visse

vilkår. Regelverket kring tilståing er komplisert og det er ofte vanskeleg å skjøna kvifor nokre har fått slik stønad, medan andre i ein liknande situasjon ikkje har fått stønad.

Følgjande er oppgjeve på Husbanken sine nettsider om Bustønad:

**For å få bostøtte må du eller én i husstanden din være støtteberettiget. Personer som har rett til bostøtte er:**

- Barn under 18 år eller person over 65 år
- Person med visse typer trygder/stønader fra det offentlige, se nedenfor
- Person som har sosial stønad som eneste inntekt, med en varighet på minst ett år

**Følgende trygder/stønader gir støtteberettigelse:**

- Alders-, uføre- eller etterlattepensjon fra folketrygden eller annen offentlig pensjon, eller tilsvarende fra EØS-land.
- Krigspensjon .
- Grunnstønad, hjelpestønad eller yrkesskadeerstatning etter folketrygdloven.
- Attføringspenger, rehabiliteringspenger eller tidsbegrenset uførestønad.
- Introduksjonsstønad.

**Generelle krav til husstanden:**

1. Alle i husstanden må i følge folkeregisteret være bosatt i boligen innen situasjonsdatoen for terminen.
2. Vedtak om eventuell trygdeytelse må være fattet innen situasjonsdato for terminen.
3. Søkeren/hovedperson må ha fylt 18 år (unntak dersom søkeren har egne barn)

**Krav til boligen for å få bostøtte**

Krav til boligen For å få bostøtte må boligen din som regel være av en viss størrelse og funksjon. For noen typer boliger stilles det også krav til hvordan boligen er finansiert.

Følgjande statistikk viser bruk av bustønad i Samnanger kommune:

**Bruk av ordninga i Samnanger kommune – Tal søknader, tilståing og avslag i perioden 01.01.06 – 30.04.07.**

*Tab. nr.5*

| **Resultat / Termin*** | **1.term 06** | **2.term 06** | **3.term 06** | **1.term 07** | **2.term 07** | **Gj.snitt** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Innvilga | 34 | 27 | 27 | 26 | 31 | 29 |
| Avslag | 2 | 13 | 4 | 8 | 8 | 7 |
| **Sum søknader** | 36 | 40 | 31 | 34 | 39 | 36 |

*1 termin er 4 månader. Frå 3. termin 2007er ordninga med bustønad lagt om til månadlege terminar.

*Tab.nr.6*

| | |
|---|---|
| Tal hushaldningar i Samnanger kommune** | 942 |
| Prosent hushaldningar som har søkt bustønad i ovannemde periode | 3,75 |
| Prosent hushaldningar som har fått bustønad i ovannemde periode | 3,02 |

**Opplysningar om tal hushaldningar er gjeve frå Posten 20.08.07.

Statistikken, tab nr.3, 5 og 6, viser søknaden til dei ulike ordningane og kor mange som er innvilga dei ulike stønadane. Truleg er det mange av innbyggjarane i Samnanger kommune som ikkje har kunnskap om desse ordningane. Statistikk som Husbanken sjølv har utarbeida: http://www.husbanken.no/Venstremeny/Bostotte/~/media/Venstremeny/Bostotte/bostøtte2006%20xls.ashx viser at innbyggjarane i Samnanger kommune har eit relativt lite forbruk av bustønad samanlikna med andre kommunar i Hordaland. I Hordaland fylke er det eit gjennomsnitt på tilståing av bustønad pr. innbyggjar på kr. 422,-. I Samnanger er det tilsvarande talet kr. 211,-. Berre 5 kommunar i Hordaland fylke har eit lågare tal.

## 8.4 Startlån

Desse låna er meint å vera til toppfinansiering for dei som etablerer seg med eigen heim for fyrste gong. Det er Samnanger kommune som sakshandsamar søknader om Startlån, men det er Sparebanken Vest som administrerer låna, dvs tek seg av innkrevjing osv. Husbanken regulerer renta på låna. Dei siste åra har Samnanger kommune teke opp kr. 2.000.000,- pr. år frå Husbanken til vidare utlån.  Nedanfor følgjer ein statistikk over bruken av låna.

*Tab. nr. 7*

| **Årstal** | **2005** | **2006** | **2007*** |
|---|---|---|---|
| Tal innvilga (effektuerte) søknader | 2 | 9 | 0 |
| Tal avslag søknader | 1 | 0 | 1 |
| **Sum søknader** | 3 | 9 | 2* |

*til og med 17.09.07

Dei fleste som har søkt har fått  250.000,- som toppfinansiering. Nokre har fått meir og nokre mindre.

## 9. Bustadsosiale utfordringar i Samnanger kommune

Som så mange andre kommunar har Samnanger mange utfordringar innan bustadsosialt arbeid. Følgjande skisse ligg til grunn for satsingsområda i planen:

- Samnanger kommune er nabokommune til Bergen. Mellom kommunesenteret Tysse og Bergen sentrum vert det rekna ei reisetid på 45 min. Leigeprisane i Samnanger ligg noko under prisane i Bergen, slik at det vert attraktivt å leiga husvære her. Me opplever at **ressursvake, og ofte gjeldsbelasta familiar ser dette høvet til å kunna etablera seg i vår kommune**, og å få lågare buutgifter samstundes som dei får større areal til disposisjon.
- Mange personar med **psykiatriske diagnosar og eller rusproblem** har vanskeleg for å halda på husværa sine. Nokre av dei klarar ikkje å disponera midlane sine slik at dei difor kjem i økonomiske vanskar, og dermed vert det ofte til at dei ikkje kan bu der dei bur. Då må kommunen finna kriseløysingar.
- Kommunen pliktar etter Lov om sosiale tenester § 4-5, jfr. § 3-4 **å hjelpa bustadlause personar til ein stad å bu**, både førebels og på lengre sikt. Det å ha tilgjengelege bustader for personar som er i krise kan vera svært utfordrande. Løysinga på slike problem kan vera å plassera personar på hospits i Bergen – noko som er ei svært dyr og dårleg løysing både for den det gjeld og for kommunen. Det må difor arbeidast planmessig for å sikra at det til ei kvar tid er tilgjengelege overgangsbustader.
- **Plassering / lokalisering av bustader til vanskelegstilte** er ei utfordring fordi det ofte kan kjennast belastande å ha personar psykiatriske diagnosar / rusmisbrukarar i nabolaget.
- Personar med **nedsett funksjonsevne** er også ei gruppe som kan ha problem med å finna eigna bustadar. Det kan vera vanskeleg å plassera personar som er utviklingshemma saman med personar som har fysiske funksjonshemningar. I eit lite lokalsamfunn som vårt er det ei stor utfordring å finna gode løysingar for denne gruppa både med omsyn til plassering og bemanning.
- Samnanger kommune har fleire gongar teke i mot **flyktningar**. Dette er ei gruppe som har stor trong for bistand både med å skaffa seg bustader og med oppfølging generelt i kvardagen. Å finna eigna bustader som tener integreringsprosessane har vore og er ei stor utfordring for tenesteapparatet.
- Å vera **førstegongsetablerar** er vanskeleg for mange unge. Spesielt for dei som har svak økonomi og har manglande sosialt nettverk kan dette verta ein vanskeleg prosess. Altfor mange vert buande i foreldreheimen fordi det er vanskeleg å finna husvære med høveleg pris og standard. Det er difor ei stor utfordring for kommunen å finna husvære til personar i denne gruppa.

## 10.
## Mål og strategiar.

Visjonen i kommuneplanen:

| |
|---|
| **Samnanger kommune der du vil leva og bu.** |

Målsettinga i kommuneplanen:

- **I Samnanger skal det finnast attraktive og varierte bustadtilbod.**
- **Bustadområde må gje plass for menneske i ulike livsfasar med ulike behov.**

### 10. 1 Hovudmål:

Ut frå visjonen i kommuneplanen og dei ulike målsettingane der får bustadsosial handlingsplan følgjande **hovudmål:**

| |
|---|
| **I Samnanger skal det finnast eit variert bustadtilbod som inkluderer alle** |

### 10.2 Ni delmål

Ut frå ovannemnde forankring får bustadsosial handlingsplan følgjande

# 9 delmål

1. **Innbyggjarane i Samnanger kommune skal få auka kunnskap om statlege verkemiddel i bustadpolitikken: Bustønad, Startlån og tilskotsordningar frå Husbanken.**
2. **Samnanger kommune skal ha ein godt samkøyrt bustadpolitikk internt i kommunen.**
3. **Samnanger kommune skal ha gode søknadsrutinar kring bustadtildeling / hjelp til å skaffa bustad,**
4. **Samnanger kommune skal ha kontroll med standarden på kommunale bustadane og dei bustadane som kommunen har leigeavtalar med.**
5. **Samnanger kommune skal ha ein plan for det heilskapelege tilbodet (inkludert bustadtilbod) for personar med nedsett funksjonsevne.**

6. **Samnanger kommune skal ha gode butilhøve for personar psykiatriske diagnosar og eller rusproblematikk.**
7. **Samnanger kommune skal ha kunnskap om og god oversikt over bustadtilbod for flyktningane som kommunen tek i mot.**
8. **I Samnanger kommune skal det finnast tilgjengelege bustader på marknaden som unge i etablerarfasen kan ha høve til å overta eller leiga i ein overgangsperiode.**
9. **I Samnanger kommune skal ein til ei kvar tid ha oversikt over kven som er dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden**

### 10.2.1 Omtale av dei ulike 9 ulike delmåla – strategiar og tiltak

**Delmål 1**
**<u>Innbyggjarane i Samnanger kommune skal få auka kunnskap om statlege verkemiddel i bustadpolitikken: Bustønad, Startlån og tilskotsordningar frå Husbanken.</u>**

Ut i frå funna i statistikk frå Husbanken er det naturleg å tru at mange som har rett på bustønad ikkje nyttar seg av høvet til å søkja. Det må difor setjast inn ressursar slik at kunnskapen om ordningane vert auka. Strategien her vil vera å ha større fokus på støtteordningane i alt bustadrelevant arbeid. Det er til dømes svært relevant å auka kunnskapen mellom dei som yter tenester til innbyggjarane; tilsette i eining for pleie- og omsorg samt tilsette i sosial- og helseeininga.

**Delmål 2**
**<u>Samnanger kommune skal ha ein godt samkøyrt bustadpolitikk internt i kommunen.</u>**

I Samnanger kommune har ein ikkje noko fast administrativt utval der bustader for vanskelegstilte er tema. Ein ser klart nytten av å ha eit slikt organ der ein kan drøfta problemstillingar, laga køyrereglar og fordela ansvaret for at oppgåvene som skal gjerast. På denne måten kan dei vanskelegstilte få betre hjelp når dei har trong for det. Ei betre samkøyring av dei ulike oppgåvene er noko som truleg vil gagna alle. Utvalet (arbeidsgruppa) bør ha møte minst 2 gonger kvart år og elles etter behov. Dette utvalet bør også stå for gjennomføring av kartlegging annakvart år. Ein tenkjer at representantar frå følgjande einingar skal vera med i eit slikt utval:

- Teknisk eining
- Eining for pleie- og omsorg
- Sosial- og helseeining

Utvalet må ha ein fast sekretærfunksjon som kan følgja opp utvalet sine vedtak / planar. Kompetanse på bustadrådgjeving må aukast i sosial- og helseeininga.

**Delmål 3.**
**<u>Samnanger kommune skal ha gode søknadsrutinar kring bustadtildeling / hjelp til å skaffa bustad.</u>**

I Samnanger kommune har ein i dag ulike prosedyrar for søknad om hjelp til å skaffa eigna bustad. Det eksisterer i dag fleire typar søknadsskjema og det er ulike instansar som handsamar desse søknadene. Det er eit ynskje om at desse søknadsrutinane vert lagde om og at eit type skjema vert nytta. Det er også ynskje om å gjennomgå rutinar kring vurderingar og tildelingar av bustadene.

Eit utval som nemnt i delmål 2 vil kunna gjennomgå slike rutinar og evt. arbeida nye rutinar for desse prosessane

**Delmål 4.**
**Kommunen skal ha kontroll med standarden på dei kommunale bustadane og dei bustadane som kommunen har leigeavtalar med.**

Bustader som kommunen sjølv eig må vedlikehaldast og oppjusterast slik at dei held ein standard som naudsynt for dei som skal bu der. Kommunen må laga rutinar med tilsyn / ettersyn av bustadane slik at ein til ei kvar tid er orientert om stoda og kan ta dei åtgjerder som er naudsynte for at bustadane skal halda akseptabel standard.

Dei same rutinane må følgjast når det gjeld dei bustadane som kommunen leiger hos private for å leiga vidare til tilsette eller andre. I slike høve er det sjølvsagt eigar som må ta kostnadene med vedlikehald og eventuelle oppjusteringar.

Det kan liggja til det nemnde utvalet i delmål 2 å laga rutinar for slike ettersyn med oppfølging.

**Delmål 5.**
**Samnanger kommune skal ha ein plan for det heilskaplege tilbodet (inkludert bustadtilbod) for personar med nedsett funksjonsevne.**

Det har lenge pågått eit arbeid i kommunen for å utarbeida ein plan for eit heilskapleg tilbod til personar med nedsett funksjonsevne. Ein slik plan vil også innehalda planar for bustader til personar i denne gruppa. No i 2007 har kommunen gjort avtale med grunneigarar av Erikajorda om kjøp av grunn til oppføring av bustader til dette føremålet.

I bustadsosial handlingsplan vil difor denne gruppa ikkje verta meir omtala.

**Delmål 6.**
**Samnanger kommune skal ha gode butilhøve for personar psykiatriske diagnosar og eller rusproblematikk.**

Som kartlegginga viser er gruppa av personar med psykiatriske diagnosar ei relativt stor og dominerande gruppe blant dei vanskelegstilte. Erfaringane viser at denne gruppa personar ofte i tillegg er belasta med rusproblematikk. Gjennom arbeidet i den administrative arbeidsgruppa for planen har det også vist seg at denne gruppa er den som det knyter seg flest utfordringar til når det gjeld busetting.

Det er difor naturleg å ta fatt i desse utfordringane og freista å finna løysingar som kommunen og dei vanskelegstilte kan vera tente med. Det må difor startast opp eit arbeid for å tilretteleggja for betre bustadtilhøve for denne gruppa. Arbeidet må ha følgjande fasar:

- Kartleggja kor mange personar med psykiatriske diagnosar og eller rusproblematikk som treng eit anna bustadtilbod.
- Kartleggja kva for bustadløysingar som vil vera best for denne gruppa.
- Leggja dette fram for politisk handsaming for så å evt gå vidare med etablering av ny bustadmasse for denne gruppa.

I eit slikt arbeid må det inngå drøftingar med Husbanken slik at ein evt. kan løysa ut dei tilskot som er tilgjengelege.

**Delmål 7.**
**Samnanger kommune skal ha kunnskap om og god oversikt over bustadtilbod for flyktningane som kommunen tek i mot.**

Ein av dei store utfordringane som kommunen har, er å ha gode bustadløysingar for flyktningane. For å arbeida med og å oppnå integrering av denne gruppa, er det av stor betydning at bustadane som vert nytta til denne gruppa er tenelege til dette føremålet. Trongen for slike bustader er vekslande og det gjeld difor å ha mykje kunnskap om dei ulike personane i gruppa og om bustadmassen som kan vera tilgjengeleg.

**Delmål 8.**
**I Samnanger kommune skal det finnast tilgjengelege bustader på marknaden som unge i etablerarfasen kan ha høve til å overta eller leiga i ein overgangsperiode.**

Det har vore og er framleis ei utfordring å finna bustader for dei unge som skal ut på bustadmarknaden for første gong.

I dei seinare åra har det vore stor aktivitet på bustadmarknaden i Samnanger. Det er oppført både einebustadar og mindre husvære i dei nye bustadfelta. Ein oppfattar no at det i stor grad er tilgjengelege bustader for unge i etablerarfasen. Men endå kan det vera eit problem å finna bustad, spesielt for dei som er einslege. Husleigene er gjerne høge og den private leigemarknaden renn ikkje akkurat over av tilbod.

Kommunen har difor hatt nokre bustader til disposisjon for dei som er mest vanskelegstilte i denne fasen av livet. Slike tilbod må ein framleis ha for denne gruppa.

**Delmål 9.**
**I Samnanger kommune skal ein til ei kvar tid ha oversikt over kven som er dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden**
For å kunna yta gode tenester er det ein føresetnad at tenesteapparatet har gode oversikter over kor mange dei vanskelegstilte er og kva problem dei har å stri med. Ved utarbeiding av denne planen vart det gjort ei kartlegging av dei vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det kan vera føremålsteneleg å gjennomføra ei slik kartlegging annakvart år eller etter behov.

# Bustadsosial handlingsplan

**Mål, delmål, strategiar og tiltak med tidsplan**

**Forankring i delmål i kommuneplan for Samnanger kommune 2007-2017:**

**"I Samnanger skal det finnast attraktive og varierte bustadtilbod"**

**"Bustadområde må gje plass for menneske i ulike livsfasar med ulike behov"**

**Hovudmål for bustadsosial handlingsplan:**

**I Samnanger skal det finnast eit variert bustadtilbod som inkluderer alle.**

| Delmål | Strategiar | Tiltak | Tidsplan og ansvar |
|---|---|---|---|
| 1. Innbyggjarane i Samnanger kommune skal få auka kunnskap om statlege verkemiddel; Bustønad, Startlån og tilskotsordningar frå Husbanken. | o Større fokus på støtteordningane og betre marknadsføring av / opplysning om desse.<br>o Auka kunnskap blant dei tilsette i kommunen om ordningane. | o Bruka lokalavisa til informasjon om støtteordningane.<br>o Opplæring av / informasjon til tilsette i pleie- og omsorgseininga og sosial- og helseeininga om støtteordningane | Kontinuerleg med oppstart våren 2008 – Sosial- og helseeininga i samarbeid med Pleie- og omsorgseininga |
| 2. Meir samkøyrt bustadpolitikk internt i kommunen | o Planmessig oppfølging av dei vanskelegstilte – ta i bruk individuell plan.<br>o Setja ned ei arbeidsgruppe på tvers av einingane og nytta denne arbeidsgruppa som eit forum der ein kan drøfta problemstillingar og leggja strategiar. | o Møte i administrativ arbeidsgruppe minst 2 gongar pr år og elles etter behov.<br>o Gjennomføra kartlegging av vanskelegstilte på bustadmarknaden annakvart år.<br>o Auka kompetansen for dei som arbeider med bustadrådgjeving. | Kontinuerlege møte. Sosial- og helseeininga fungerer som sekretæriat for gruppa og oppfølging av planen<br>Kartlegging i 2009 og 2011. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 3. Kommunen skal ha gode søknadsrutinar kring bustadtildeling / hjelp til å skaffa bustad. | o Større fokus på søknadsrutinar. | o Utarbeida felles søknadsskjema som skal nyttast i alle aktuelle einingar.<br>o Utarbeida søknadsprosedyrar. | Kontinuerleg med oppstart våren 2008.<br>Ansvar:<br>➢ Sosial- og helse<br>➢ Pleie- og omsorg |
| 4. Kommunen skal ha kontroll med standarden på dei kommunale bustadane og dei bustadane som kommunen har leigeavtalar med. | o Større fokus på bustandard. | o Utarbeiding av kontrollrutinar og rutinar for oppfølging av standarden på bustadar. | Kontinuerleg med oppstart våren 2008.<br>Ansvar:<br>➢ Teknisk eining<br>➢ Sosial- og helse<br>➢ Pleie- og omsorg |
| 5. Samnanger kommune skal ha ein plan for det heilskaplege tilbodet (inkludert bustadtilbod) for personar med nedsett funksjonsevne. | o Utarbeiding av plandokument. | o Plandokumentet vil ha eigen tiltaksplan | Høg prioritet – så snart administrasjon og politiske organ har høve til å arbeida med saka. Ansvar for gjennomføring av planarbeidet:<br>➢ Administrasjonssjefen |
| 6. Samnanger kommune skal ha gode butilhøve for personar med psykiatriske diagnosar og eller rusproblematikk. | o Kartleggja kor mange personar med psykiatriske diagnosar og eller rusproblematikk som treng eit anna bustadtilbod.<br>o Kartleggja kva for bustadløysingar som vil vera best for denne gruppa. | o Interne og eksterne drøftingar.<br>o Leggja dette fram for politisk handsaming for så å evt gå vidare med etablering av ny bustadmasse for denne gruppa. | Kontinuerleg med evt politisk handsaming hausten 2009.<br>Ansvar:<br>➢ Sosial- og helse<br>➢ Pleie- og omsorg |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 7. Samnanger kommune skal ha kunnskap om og god oversikt over bustadtilbod for flyktningane som kommunen tek i mot. | o Kontinuerleg oppfølging etter behov | o Utarbeida oversiktar over kva bustader som vert nytta og kva bustader som kan nyttast til flyktningar | Kontinuerleg<br>➢ Sosial- og helse |
| 8. I Samnanger kommune skal det finnast tilgjengelege bustader på marknaden som unge i etablerarfasen kan ha høve til å overta eller leiga i ein overgangsperiode. | o Sikra at nye bustadfelt gjev rom for bustader for førstegangsetablerarar.<br>o Sikra at kommunen har bustader som kan nyttast av sers vanskelegstilt ungdom. | o Utarbeida oversiktar over kva bustadar som kan nyttast til særs vanskelegstilte i etablerarfasen.<br>o Syta for at det finst eit tilbod om utleigebustader. | Kontinuerleg<br>Ansvar:<br>➢ Kommunestyret<br>➢ Sosial- og helseininga |
| 9. I Samnanger kommune skal ein til ei kvar tid ha oversikt over kven som er dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden | | o Gjennomføra kartlegging annakvart år i planperioden og elles etter behov. | Annakvart år i planperioden<br>Ansvar:<br>➢ Sosial- og helseeininga |

## 11. Kostnader med gjennomføring av planen

I denne planen kan nokre av oppgåvene løysast innan dei rammene som me disponerer i dag, men nokre av måla kan ikkje nåast utan at det vert sett inn ekstra ressursar. Det er heilt avgjerande at det finst stillingsressursar slik at dei ulike tiltaka kan verta gjennomførte og følgde opp. Følgjande mål / tiltak vil krevja auka stillingsressursar:

| Mål nr. | Mål / tiltak |
|---|---|
| 5 | Samnanger kommune skal ha ein plan for det heilskaplege tilbodet (inkludert bustadtilbod) for personar med nedsett funksjonsevne. Utarbeiding av plandokument. |
| 6 | Samnanger kommune skal ha gode butilhøve for personar med psykiatriske diagnosar og eller rusproblematikk. Kartlegging / førebuing for politisk handsaming |
| 9 | I Samnanger kommune skal ein til ei kvar tid ha oversikt over kven som er dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden. Kartlegging |

Ein stillingsressurs på 40 % vil utgjera ein kostnad på ca kr. 160.000,- pr år for 2009, 2010 og 2011.

Det er svært ynskjeleg at planarbeidet startar opp alt frå 2008. Ein vil då freista å arbeida med gjennomføringa av planen innanfor dei ressursane som alt er til rådvelde, men det betyr at ein berre får gjort noka av arbeidet.